



Det førebels udøpte danselaget som Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland har starta tar spranget over i levande musikk 21. april, Men det er ikkje ein offentleg svingom som står på programmet - det er ein lukka dans der deltakarane får høve til å ta vener med. Det lokale band Trinity spelar. Dei tre musikarane kjem frå Sandvoll og Omvikedalen.

Med andre ord er laget i stadig utvikling og snart bør det vel få eit namn? Kva med Helgedans, som har dobbelt tyding?

I kveld har frammøtet vore bra, med rundt 30 dansarar som ikkje hadde trong for nokon instruksjon sjølv om eit 'lærarpar' var i beredskap. Kveldens dansarar kom frå Husnes, Herøysund, Rosendal. Seimsfoss og Uskedalen og ein kan trygt seia at dette er i ferd med

å bli eit gamaldanslag for heile kommunen
Neste dans vil finna stad 4. mars.

Ellers får vi opplyst at det er svært aktive gamaldanslag både på Husnes og i Odda med levande musikk og 60 og 20 dansarar dei 2stadane. Dei er i aksjon på ,måndagar (Husnes) og fredag (Odda).

Og i helga 24.-26. februar er det mogeleg å svinga seg i Ullensvang til eit av landets mest kjnte danseband - Contrazt frå Solør.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

